



Styre/råd/utval	Møtedato	Saknr
Partsamansett utval	02.03.2022	06/22
Kommunestyret	14.03.2022	14/22

Saksansvarleg: Øystein Tveit

Arkiv: FA-X55, TI-&13

Arkivsaknr.: 22/784

Høring - Framlegg til endring i arbeidsmiljølova - Styrking av retten til heiltid

Kommunedirektørens innstilling:

Midt-Telemark kommunestyre stør i hovudsak departementet sine forslag til endring i arbeidsmiljølov, med unnatak av endringa i §14-1b (2):

Behovet for skriftleg dokumentasjon bør utgå

14.03.2022 Kommunestyret

Behandling:

Tilråding fra PSU vart samrøystes vedteke.

KS- 14/22Vedtak:

Midt-Telemark kommunestyre stør departementet sine forslag til endring i arbeidsmiljølov.

02.03.2022 Partsamansett utval

Behandling:

Framlegg frå Mette Haugholt AP:

Midt-Telemark kommunestyre stør departementet sine forslag til endring i arbeidsmiljølov.

Tilrådinga frå kommunedirektøren fall med 2 røyster for mot 4 røyster for Mette Haugholt sitt framlegg.

PSU- 06/22Vedtak:

Midt-Telemark kommunestyre stør departementet sine forslag til endring i arbeidsmiljølov.

Bakgrunn for saka:

Midt-Telemark kommune har motteke eit høyringsbrev frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet med forslag til endringer i arbeidsmiljølova for å styrke retten til heltid.

«Departementet foreslår:

- Å lovfeste en heltidsnorm og innføre en dokumentasjons- og drøftingsplikt ved ansettelse i deltidsstilling, som forplikter arbeidsgiver til å dokumentere behovet for å benytte deltid, samt drøfte spørsmålet med tillitsvalgte.
- Å styrke fortrinnsretten for deltidsansatte ved å gi disse fortrinnsrett til ekstravakter og lignende, framfor at arbeidsgiveren foretar ny ansettelse
- Å lovfeste at fortrinnsrett for deltidsansatte også skal gjelde framfor at arbeidsgiveren foretar innleie i virksomheten.»

Høyringsfristen er satt til 19.04.2022.

Saksomtale:

Arbeid med heiltidskultur står høgt på agendaen i Midt-Telemark kommune. Det er såleis ikkje vanskeleg å stø mange av dei argumenta som kjem fram i høyringsnotatet.

I tillegg er mange av tiltaka lik teksten i Hovudtariffavtala §2, spesielt 2.3.1

«Det skal som hovedregel tilsettes i heltidsstilling. Unntak drøftes med de tillitsvalgte med mindre det er åpenbart unødvendig.

Ved ledighet foretas en gjennomgang av arbeidsplaner og oppgavefordeling for å vurdere sammenslåing av deltidsstillinger.

Ved ledig stilling skal deltidstilsatte ved intern utlysning i kommunen/ virksomheten tilbys utvidelse av sitt arbeidsforhold inntil hel stilling, dersom vedkommende er kvalifisert for stillingen.

Arbeidsgiver skal informere og drøfte prinsippene for bruk av deltidstillinger med de tillitsvalgte minst én gang i året. Det skal utarbeides lokale retningslinjer med formål om å øke antall heltidstilsatte. Retningslinjene bør blant annet inneholde elementer knyttet til bruk av fortrinnsrett, merarbeid, utlysning av stillinger og kompensasjonsordninger.

Som vi ser av hovudtariffavtala er krava her minst like omfattande som i framlegg til nytt lovkrav.

Utfordringa kan kome når ein skal dokumentere behovet for å benytte deltid.

Som det går fram av høyringa kan deltid skyldast fleire forhold. Forhold knytt til arbeidssituasjonen og forhold knytt til den enkelte arbeidstakar.

Forhald knytt til arbeidssituasjonen er greie å diskutere med dei tillitsvalde, men det kan vere problematisk når personlege årsaker er bakgrunnen for deltid. Det kan vere årsaker som verken arbeidsgivar eller dei tillitsvalde treng ha kjennskap til som er årsaken til at enkeltpersonar ikkje vil ha full stilling.

Vi meiner det bør vere **nok** at det er ein drøftingsplikt med dei tillitsvalde som ligg til grunn for kommunen sitt arbeid med heiltidskultur.

Prinsipielt er vi mot nye dokumentasjonskrav som ikkje er naudsynte. Departementet kan sjekke om lovendringa fungerer gjennom dei rapporteringane som vert gjort gjennom a-meldingar, innrapportering til PAI og kostra-statistikk.

- Å styrke fortrinnsretten for deltidsansatte ved å gi disse fortrinnsrett til ekstravakter og lignende, framfor at arbeidsgiveren foretar ny ansettelse
- Å lovfeste at fortrinnsrett for deltidsansatte også skal gjelde framfor at arbeidsgiveren

foretar innleie i virksomheten.»

Endringsframlegget er uproblematisk. Dette er i tråd med føringane i hovudtariffavtalen, og slik vi vurderer det praksis i kommunen i dag.

Kommunedirektøren si oppsummering

Frå kommunen si side legg vi merke til at det i dette arbeidet ikkje ein gong er sagt noko om dei positive sidene heiltidskultur og stabilitet vil ha for brukarane av dei kommunale tenestene, sjølv om høyringa er generell, er mange av vurderingane knytt opp mot helse- og omsorgstenestene i kommunen.

Vedlegg:

10.02.2022

Høringsnotat - Forslag til endringer i arbeidsmiljøloven
(styrking av retten til heltid)

1463386